

NRK Nynorsk mediesenter

Status per 13.03.2013



Samlar oss om hovudoppgåva

NRK Nynorsk mediesenter har lagt ned kursverksemda for å samle kreftene om hovudoppgåva vår, nynorskpraktikantane og meir bruk av nynorsk i media.

Frå hausten 2013 skal vi samarbeide med Nynorsk avissenter i Firda, som skal lære opp fire nynorskbrukande avis- og nettjournalistar i halvåret.

- Dette samarbeidet vil krevje ein del ekstra av oss som sit på ni års røynsle med slik opplæring for radio, TV og nett, og vi ser føre oss at vi saman kan byggje eit større miljø for slik opplæring i Førde. Til saman skal vi lære opp 18 nynorskbrukande journalistar i året, med base i redaksjonane til Firda og NRK Sogn og Fjordane, seier Magni Øvrebotten i NRK Nynorsk mediesenter.

NRK Nynorsk mediesenter er ein dørøpnar



28. februar var siste dagen som nynorskpraktikantar for kull 17. Dei hadde praksis i Dagsnytt, Dagsrevyen, P3nyhenda og NRK Sogn og Fjordane. Kjersti **Hetland** (1985) hadde praksis i Dagsrevyen og har fått jobb som tilkallingsvikar og sommarvikar der. Det same har Marte **Halsør** (1988) gjort i Dagsnytt og Tale **Høyem** (1990) i P3nyhenda på Tyholt. Jon **Bolstad** (1987) gjer ferdig ein BA i Nye media denne våren og har fått tilkallings- og sommarjobb i NRK Hordaland. Stine Kyrkjebø **Johansen** (1990) har fått vikariat i NRK Sogn og Fjordane. Slik summerer kull 17 opp tida som nynorskpraktikantar:

Kjersti Hetland:

- Journalistopplæringa ved Nynorsk mediesenter har vore ein dørøpnar. Det har vore utruleg intenst, men samtidig veldig kjekt. Månadane i Førde var inspirerande og lærerike og gjorde meg så førebudd som eg vel kunne bli på praksisen min i Dagsrevyen. I Dagsrevyen har eg fått tillit til å gjera mykje meir enn det eg hadde forventa, og eg har blitt teken veldig godt imot. Det har vore utruleg inspirerande å få vera del av ein redaksjon med så mange dyktige journalistar og fotografar og det har inspirert meg til å jobba vidare mot å bli ein god journalist.

Marte Halsør:

- Det var skummelt å kaste seg ut i noko nytt, utan å vite kva eg gjekk til, men opplæringa eg har fått på Nynorsk mediesenter har vekt både nysgjerrigheita og journalisten i meg. Å bli vist så mykje tillit når ein framleis er så fersk har og vore med på å gje meg meir tru på meg sjølv. Det er utruleg å tenkje tilbake på kor mykje eg har lært på desse intensive månadane. Her har eg fått utfordra meg sjølv, og gått langt utanfor mi eiga komfortsone, og gjennom denne læringsprosessen har eg fått erfaring som eg ser fram til å ta med meg vidare ut i arbeidslivet.

Tale Høyem:

- Når tida mi som nynorskpraktikant no er ferdig sit eg igjen med mykje. Lærdomen og utfordringane eg har fått etter desse seks månadane trur eg ikkje er kunne fått andre stader. Utviklinga har vore stor. Frå aldri å ha laga radio, kan eg no skriva, klippa og avvikla nyheitene på P3. Det har vore harde dagar der eg har følt at eg ikkje har peiling på noko, men ein kan vera sikker på at neste dag så kjem det ein høgdare!

Jon Bolstad:

- Eg var veldig spent då eg møtte opp til første dag som nynorskpraktikant. Eg visste ikkje heilt kva eg gjekk til. I dag er eg veldig glad for at eg greip denne store sjansen. I dei seks månadane eg var nynorskpraktikant blei eg kasta ut på djupt vatn og fekk verkeleg prøvd meg. Å lære noko ved å gjere det, tykkjer eg er det absolutt beste. Eg reiste frå distriktskontoret i Førde som ein ny mann. Praksisen der gav meg uvurderleg erfaring og kunnskap som eg no tar med meg vidare. Å søkje som nynorskpraktikant er det luraste eg har gjort.

Stine Kyrkjebø Johansen:

- Sjølv om praksisperioden min er over, kallar eg meg framleis for nynorskpraktikant. Det vil nok alltid vere med meg og eg vil halde fram med å vere stolt av det. I tida som praktikant har eg lært meir enn eg visste var mogleg. Månadane på "loftet" gav oss eit godt grunnlag for det som kom til å møte oss seinare. "Å lære ved å gjere det-metoden" gjorde at vi lærte fort og blei kasta ut i spennande oppgåver. Det er fint å ha fire andre som er i same situasjon. Vi lærte mykje av kvarandre og delte den skremmande, men spennande tanken på å bli kasta ut i journalistkvardagen. Eg har hatt både intern- og eksternpraksis på distriktskontoret i Sogn og Fjordane og angrar ikkje. Her har eg fått tillit frå dag ein og fått utfolde meg på alle plattformer, men mest for TV med eit lite samarbeid med NRK Supernytt. Dette har vore dei mest lærerike seks månadane i livet mitt så langt.

Krevjande å vere nynorskpraktikant



Kull 18 byrja på opplæringa 3. januar i år og har to veker bak seg i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Det er alt avklara kvar dei skal i ekstern praksis i mai og juni. Inger Johanne **Ruset** (1985) skal til NRK Møre og Romsdal, Trond Espen **Bjoland** (1993) til NRK Hordaland, Hanne **Våge** (1992) til P3nyhenda på Tyholt, Vegard **Tjørhom** (1987) til NRK Utanriks og Adalheidur **Oldeide** (1988) til Dagsnytt.

Inger Johanne Ruset:

- Ein lærer noko kvar einaste dag som nynorskpraktikant, og ein lærer mykje. Nynorsken min har blitt styrka, den tekniske innsikta mi har auka og eg har langt betre kjennskap til kva som kjenneteiknar god journalistikk. Det har vore krevjande og er det framleis, men eg føler meg stadig betre rusta til ei framtid som nynorskjournalist. Dei to siste vekene har eg vore i internpraksis i NRK Sogn og Fjordane. Det har gått overraskande bra. Eller, så rart er det kanskje ikkje. Eg har trass alt ei solid opplæring bak meg og ikkje minst eit knakande godt arbeidsmiljø rundt meg.

Trond Espen Bjoland:

- Det har vore lærerikt, spennande og utfordrande, og dagane har blitt fylte med ny kunnskap, nye vener og varierte arbeidsoppgåver. Ei fin blanding av teori og praksis. Læringskurva er bratt og det er noko nytt kvar dag. Det er lett å hamne "bakpå" dersom ein ikkje følgjer med, men det gode miljøet mellom praktikantane og faglærarane, gjer at det er lett å spørje om hjelp dersom ein treng det. Det har vore fint å sjå at alle ønskjer å hjelpe kvarandre. Allereie dei første vekene byrja vi å produsere radiosaker. Spenninga var stor då den første saka mi skulle bli sendt på radio. Men debuten gjekk fint, og seinare har eg fått fleire saker på lufta. Eg føler at alle praktikantane har blitt tatt godt imot av dei andre i redaksjonen, og også her er det slik at alle er hjelpsame dersom vi treng hjelp.

Adalheidur Oldeide:

- Etter fire månadar som nynorskpraktikant kan eg utan tvil seie at ikkje ein dag har vore vekkasta. Eg var nokså framand i medieverda då eg byrja her, men kjende meg teken på alvor som journalist frå fyrste stund som praktikant. At læringskurva er bratt er det inga tvil om, men kollegaer, lærarar og medpraktikantar er flinke til gje konstruktiv kritikk og gje meg den støtta eg treng. Eg er spent på korleis det blir i ekstern praksis, men uansett kva som skjer vidare ville eg aldri vore forutan opplæringa i Førde.

Vegard Tjørhom:

- Eg har lært mykje og blitt kasta utpå djupt vatn fleire gonger, men heile tida har eg hatt ei solid redningsbøye å halde meg fast i. Å bli utfordra på gjeremål som ligg langt utanfor komfortsona, og samstundes ha nokon å spørje til råds, skapar ei bratt læringskurve. Å få brukt eigenskapane sine inn i ein nyhenderedaksjon, slik som her i Førde, er også av stor verdi. Eg gler meg til månadane som ligg framfor meg, og er takksam for den sjansen eg er gitt som student ved Nynorsk mediesenter. Vonleg vil kunnskapen eg har lært meg her følge meg i lang tid framover, og skape ein god grobottn for vidare engasjement både i og utanfor journalistikken.

Hanne Våge:

- Dei to første månadane har eg lært meir enn eg trudde var mogleg for meg å gjere. Opplegget her er som skreddarsydd for meg. Det å berre bli kasta ut i det har nokre gongar vore skremmande, men læringsutbyttet har derimot vore enormt. Om eg heller skulle brukt tida på å pugge teori, er eg sikker på at eg berre ville lært ein brøkdel. Eg har heller aldri opplevd, i heile mitt liv, å få så god oppfølging. Eg veit at me no er i ei særstilling med berre fem stykke i «klassa», men for meg har det vore eit herleg. Overgangen frå loftet til desken opplevde eg som litt brå, så eg brukte nokre dagar berre på å omstille meg, og på å innsjå at folka her nede ikkje er farlege. No går det betre, og eg har innsett at sjølv om eg no er i redaksjonen, betyr det ikkje at eg er ferdig utlært.

Kjekt å bli fleire om same målet



Nynorsk Avissenter er organisert som eit pilotprosjekt i 2013. Medlemmer i styringsgruppa er (bak frå v.) Yngve Årdal, Jan Olav Fretland, Ottar Grepstad, Rolf Årdal og Magni Øvrebotten (framme nr tre frå v.) Svend Arne Vee er også med i styringsgruppa, men deltok ikkje på første møte. Arve Sandal (nr to frå h) er prosjektleiar. Karin Flølo og Eirik Grane deltek i prosjektgruppa. Foto: Bent Are Iversen

15. april er søknadsfristen for både kull 1 i Nynorsk avissenter og kull 19 i NRK Nynorsk mediesenter. Avissenteret sine fire nynorskpraktikantar skal starte på opplæringa 15. august, medan dei fem nynorskpraktikantane i NRK byrjar 19. august.

- Vi skal samarbeide om det vi kan samarbeide om. Dersom nokon søker begge opplæringane må dei rekne med to jobbintervju i Førde same dagen, slik at vi kan dele på reisekostnadane. Mange gjesteførelesarar kan vere sams og vi kan dele på utgifter til honorar og reise. Dessutan vert det eit større miljø i Førde som arbeider for meir nynorsk i media og kan legge strategiar for å oppnå det. Det ser vi fram til, seier Magni Øvrebotten.

Ho er med i styringsgruppa for Nynorsk avissenter fordi NRK vel å dele den kunnskapen og røynsla NRK Nynorsk mediesenter har etter ni års drift, til beste for eit sams mål: meir nynorsk i media. Prosjektleiar for Nynorsk avissenter er Arve Sandal, same mannen som hadde ideen til Nynorsk mediesenter, då han var redaksjonssjef i NRK Sogn og Fjordane i 2001.

NRK Nynorsk mediesenter er modell for både NRK FleRE (fleirkulturelle journalistar) og Nynorsk avissenter. Bak sistnemnde tiltak står Amedia, Vinjefondet og Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane.

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 01. 03. 2013 har vi sendt frå oss 85 nynorskpraktikantar, og 73 % av dei har heil- eller deltidsarbeid i media. 55 av dei 85 arbeider i NRK. Totalt har 28 fast arbeid i media, 22 av dei i NRK.

I NRK er det tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram, som til dømes Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Kulturnytt, NRK Super, NRK.no og ved distriktskontora i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Trøndelag og Nordland.

Av plassomsyn tek vi berre med dei fem siste kulla i statusrapportane. Du finn alle kulla på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei arbeider, så sant dei hugsar å melde frå sjølve.

Kull 17 – 20. 08. 2012 til 28. 02. 2013



Kjersti **Hetland** (1985) har fått tilkalling og sommarjobb i NRK Dagsrevyen, Marte **Halsør** (1988) like eins i NRK Dagsnytt, Stine Kyrkjebø **Johansen** (1990) vikar i NRK Sogn og Fjordane , Jon **Bolstad** (1987) tek BA i Nye Media ved UiB og er tilkallings- og sommarvikar i NRK Hordaland og Tale **Høyem** (1990) har fått tilkalling og sommarjobb i P3nyhenda/Her og Nå på Tyholt.

Kull 16 – 03.01. til 30.06.2012



Hans-Olav **Rise** (1991) er vikar i NRK Møre og Romsdal, Ingunn **Rauk** (1983) er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt. Raymond **Lidal** (1986) er i Jemen for å gjere ferdig ein Master i arabisk og han frilansar for NRK. Katrine **Nybø** (1986) er vikar i NRK Dagsnytt og Wilhelm **Støylen** (1980) arbeider som skodespelar for Riksteateret og frilansar for NRK.

Kull 15 – 22. 08. 2011 til 29. 02. 2012.



Sondre **Dalaker** (1992) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, Agnese **Bremere** (1988) er utvekslingsstudent i Aalborg, Danmark, på Masterstudiet i teknologi, innovasjon og kunnskap. Susanne **Egset** (1989) er student og tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt og NRK.no, Maria Pile **Svåsand** (1986) er vikar i magasinredaksjonen i NRK P2 som lagar Kulturnytt og Dagsnytt 18. Lars Erik **Andreassen** (1991) er tilkallingsvikar i ulike program i NRK på Tyholt.

Kull 14 – 03.01. – 30.06. 2011



Jonas Sætre (1986) er tilkallingsvikar i NRK.no. Ingrid Brandal **Myklebust** (1986) er masterstudent og vikar i NRK Dagsrevyen. Ingvild **Nave** (1990) tek Europastudiar ved Universitetet i Bergen og er tilkallingsvikar i NRK Hordaland. Gry Brekke **Hustveit** (1983) er tilkallingsvikar på fleirkamerafoto i NRK og Christian Wiik **Gjerde** (1981) er programleiar i Superblokk, NRK Super, som vikar.

Kull 13 – 23.08.2010 – 28.02.2011



Vegard Trøøyen **Foseide** (1984) er fast tilsett inf.konsulent i ungdomsorganisasjonen Changemaker. Hans Henrik **Løken** (1988) er vikar i NRK Sporten, Hilde **Zahl** (1982) er student og tilkallingsvikar Kveldsåpent og Norgesglasset i NRK P1. Karl Kristian **Langeland** (1984) er vikar i NRK Sogn og Fjordane og Hans Kristen **Hyrve** (1985) er vikar i RadioSelskapet, i NRK P2.

Visjon og verdier

”Stolt nynorsk”

er visjonen til NRK Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreiding av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio, fjernsyn og Internett.

NRK Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie- og samfunnsdebatten.

”Dyktig – frodig – framfus”

Dette er verdiane NRK Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at dyktig vert omdømt til NRK Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein frodig tradisjon som NRK Nynorsk mediesenter skal bygge vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere dyktig for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa. Han må vere litt framfus i den positive tydinga av ordet: våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

POSTADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter
Postboks 100,
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter,
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2,
6800 Førde

ELEFON:

Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nynorskmediesenter@nrk.no

NETT:

www.nynorskmediesenter.no